



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 6

Til: Miljøløftets styringsgruppe
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
Juan Santacruz / 4669 2126
Vår dato: 27.10.2023

Sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøløftet

Regjeringa Støre la 6. oktober 2023 fram forslag til statsbudsjett for 2024. Budsjettforslaget skal behandlast i Stortinget, og blir vedtatt i desember. I dette notatet oppsummerar sekretariatet omtalen og prioriteringane i budsjettforslaget som omhandlar Byvekstavtalen for Bergensområdet og Bypakke Bergen. Direkte sitat frå budsjettdokumentet står i kursiv.

Budsjettdokumentet er tilgjengeleg på regjeringa sine nettsider: [Prop. 1 S \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#)

Omtale av samferdselspolitikk generelt og byvekstavtalane spesielt

Regjeringa sine mål med samferdselspolitikken (side 11).

Det overordna målet for Nasjonal transportplan 2022–2033 er: Eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Dette overordna målet ligg fast for samferdselspolitikken til regjeringa. Hovudprioriteringane i budsjettforslaget for Samferdselsdepartementet tek utgangspunkt i måla i Nasjonal transportplan 2022–2033:

- *Meir for pengane*
- *Effektiv bruk av ny teknologi*
- *Bidra til oppfyljing av Norges klima- og miljømål*
- *Nullvisjon for drepne og hardt skadde*
- *Enklare reisekvardag og auka konkurransevne for næringslivet*

[...] Nasjonal transportplan 2025–2036 skal vere oppdatert og tilpassa Noregs framtidige transportbehov, samtidig som dei økonomiske rammene er tilpassa ei framtid med forventningar om auka behov i andre sektorar.

Regjeringa sin politikk i byområda (side 11)

Hovudmålet for regjeringas politikk i byområda er nullvekst i persontransporten med bil. Nullvekstmålet ligg til grunn for byvekstavtalane som er gjensidig forpliktande avtalar mellom

staten, fylkeskommunar og kommunar. For å nå måla er det føresett ei satsing på kollektivtransport og tiltak for syklistar og gåande som gir trygge og effektive løysingar for desse, og ein arealpolitikk som reduserer transportbehovet.

Byomtalar - byvekstvtaler (side 132)

Økt statlig bidrag til de store kollektivprosjektene

Stortinget vedtok ved behandlingen av Prop. 118S (2022–2023) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), å øke bevilgningen til de store kollektivprosjektene som er under bygging fra 50 til 54 pst. I 2023. Økningen fra 50 til 54 pst. videreføres i 2024. Tilskuddet går til pågående og fremtidige store kollektivprosjekter innenfor 50/50-ordningen, og er uten tilbakevirkende kraft. Gjennom reforhandlede byvekstvtaler/tilleggsavtaler for de fire største byområdene som ble inngått i 2020 og 2021, er det statlige bidraget økt fra daværende 50 til 66 pst. Fra 2023 vil prosjektene dermed få økt sitt årlige statlige bidrag til 70 pst.

Rapportering og måloppnåelse

Nullvekstmålet for persontransport med bil ligger til grunn for byvekstvtalene. Det er utarbeidet et sett med indikatorer som brukes i oppfølgingen av avtalene. [...] I 2022 var kollektivtrafikken tilbake på nivået før koronapandemien på Nord-Jæren og i Bergens-området, mens den var lavere i Trondheimsområdet og i Oslo-området. Biltrafikken har også tatt seg opp igjen etter pandemien. Byindeksen viser måloppnåelse i alle byene, men trafikken økte med mellom 3,3 og 5,5 pst. fra 2021 til 2022. Dette viser at trafikktutviklingen må følges tett fremover, og at det kan bli behov for å justere virkemiddelbruken.

Porteføljestyring

Porteføljestyring ligger til grunn for alle byvekstvtalene. Dette innebærer at tiltakene prioriteres etter en helhetlig vurdering basert på bidrag til måloppnåelse, disponible midler, samfunnsøkonomisk lønnsomhet, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. Evt. kostnadsøkninger og/ eller inntektssvikt skal håndteres i den løpende porteføljestyringen og ikke gjennom økte bompengetakster ut over gjennomsnittstaksten og/eller forlenget innkrevingsperiode for byområdenes bompengordning.

Byvekstvtale – Bergens-området (side 137)

Handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2024–2027 ble vedtatt lokalpolitisk i juni 2023 av alle parter. [...] Prioriteringene er basert på vedtatt handlingsprogram og budsjett. De prioriterte prosjektene og tiltakene legger til rette for høy utnyttelse av arealer i sentrale områder og ved viktige knutepunkt for kollektivtrafikken. I tillegg videreføres midler til sykkelstamveien til Bergen sentrum fra sør. Dette forventes å bidra til å nå nullvekstmålet. Endelig prioritering mellom enkelte tiltak blir gjort gjennom porteføljestyringen.

Tildeling av midlar

Tabell 1 under viser foreløpig tildeling av midlar, samanlikna med handlingsprogrammet:

Tabell 1

Tall i millionar 2024-kr					
Post	Finansieringskjeldene gruppert i tråd med regjeringas forslag til statsbudsjett (tabell 4.18)	HP 2024	Forslag statsbudsjett 2024	Avvik	Kommentar
Post 30	Programområdetiltak på riksveg (Riksveg: Gang-, sykkel- og kollektivtiltak)	180	166	-14	Totalt 5 prosjekt i HP (2 nye og 3 som allerede er sett i gang). Mindre avvik i løyvinga på de 3 prosjekta som går for seg. Det er ikkje gitt løyving til oppstart av de 2 nye prosjekter
Post 30 overført til post 66	Programområdetiltak på fylkeskommunal- og kommunal veg (Gang-, sykkel- og kollektivtiltak på kommunal og fylkeskommunal veg)	158	114	-45	Totalt 9 prosjekt i HP (5 nye og 4 som allerede er sett i gang). Mindre avvik i løyvinga på de 4 prosjekta som går for seg. Det er ikkje gitt løyving til oppstart av de 5 nye prosjekter
Post 63	50/50: Store kollektivprosjekt (Bybanen Byggetrinn 4)	-	-	0	
Post 66	Belønningsmidlar til Skyss og kommunane (Belønningsmidlar til byvekstavtaler)	351	365	14	Avvika forklarast av endring i forventa indeks
Post 66	Regjeringas bompengavtale 2019: Reduserte bompengar og betre kollektivtilbod	121	126	5	Avvika forklarast av endring i forventa indeks
Post 66	Regjeringas bompengavtale 2019: Reduserte billettprisar på kollektivtrafikk	56	58	2	Avvika forklarast av endring i forventa indeks
	SUM	866	828	-38	

Det er tildelt noko meir midlar over post 66, enn det som var lagt inn i handlingsprogrammet. Dette skuldast at den forventa indeksen for 2023 og 2024 vart endra, og tala med det oppjusterte. Over post 30 og post 30 overført til post 66 er det ikkje gitt midlar til oppstart av nye prosjekt. Dei løyva midlane er knytt til pågåande prosjekt. Kva dette betyr for enkeltprosjekt, blir gjort synleg i tabellane under, med gjennomgang av dei ulike postane.

Post 30 - Mindre investeringstiltak på riksveg (side 138)

Midlene til gang-, sykkel- og kollektivtiltak på kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveinvesteringer, vil bl.a. gå til restfinansiering av utbyggingen av E39 sykkelstamvei Kristianborg–Bergen sentrum, langs Bybanen til Fyllingsdalen. [...] Videre settes det av midler til å starte byggingen av nye parseller på E39 Sykkelstamveien og til andre gang-, sykkel- og kollektivtiltak.

Tabell 2 nedanfor samanliknar regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2024 med handlingsprogram 2024-2027 år 2024.

Tabell 2

Tall i 1000 2024-kronar				
Kommune	Prosjekt	HP 2024	Regjeringas forslag til Statsbudsjett 2024	Avvik
	POST 30 midlar riksveg			
Bergen	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	81 600	100 000	18 400
Bergen	RV555, FV558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	38 800	35 600	-3 200
Bergen	E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	50 000	30 000	-20 000
Bergen	E16 Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	8 200	-	-8 200
Bjørnafjorden	Oppgradering holdeplassar E39 Bjørnafjorden	1 000	-	-1 000
	SUM POST 30 midlar riksveg	179 600	165 600	- 14 000

Det er løyva eit høgare beløp til E39 sykkelstamvegen si delstrekning 5, og det er løyva mindre midlar til prosjekta «RV555, FV558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate» og «E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun – Skjold». Dette kan truleg forklarast med at det er spelt inn endra behov frå Statens vegvesen etter at handlingsprogrammet var

vedteke. Det er ikkje løyva midlar til dei nye prosjekta «E16 trafikktiltak Nygårdstangkryss/Fjøsangerveien» og «Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden».

POST 30 midlar kommunal og fylkesveg (overført til post 66)

For mindre investeringstiltak på kommunal og fylkeskommunal vei prioriteres det statlige tilskuddet til å videreføre pågående prosjekter. Fylkeskommunale midler går bl.a. til gang-, sykkel- og kollektivtiltak, trafikksikkerhetstiltak samt sentrums- og knutepunktutvikling på fylkesvei.

Tabellen nedanfor samanliknar regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2024 med handlingsprogram 2024-2027, år 2024.

Tabell 3

Tall i 1000 2024-kronar				
Kommune	Prosjekt	HP 2024	Regjeringas forslag til Statsbudsjett 2024	Avvik
	POST 30 midlar kommunal og fylkesveg (overført til post 66)			
Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	11 400	11 400	0
Alver	Fv5452 Leknesvegen	6 500	-	-6 500
Alver	Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg	4 200	-	-4 200
Alver	Kv 1023, Kv 1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveger	10 600	-	-10 600
Alver	Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	2 100	-	-2 100
Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	39 600	39 600	0
Bjørnafjorden	Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	35 000	35 000	0
Bjørnafjorden	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	21 200	-	-21 200
Øygarden	Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen	27 700	27 700	0
	SUM POST 30 midlar kommunal og fylkesveg (overført til post 66)	158 300	113 700	-44 600

Det er ikkje gitt løyvingar til nokre nye prosjekt. Dei prosjekta som allereie er sett i gang, har fått midlar i tråd med innspel frå handlingsprogrammet.

Post 63 - Store kollektivprosjekt – Bybanen til Åsane

I handlingsprogrammet til Miljøløftet er det satt av bompenger til planlegging av Bybanen til Åsane (byggetrinn 5), men finansiering av dette byggetrinnet er ikke en del av den gjeldende byveksttalen.

Post 66 - Tilskudd til byområder

Belønningsmidlene vil i hovedsak bli brukt til drift av kollektivtransport og mindre kollektivtiltak i avtaleområdet. Tilskudd til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk vil gå til takstreduksjon for periodebilletter. Tilskudd til reduserte bompenger og bedre kollektivtilbud skal gå til Bybanen i Bergen. Nærmere konkretisering av tiltak er planlagt høsten 2023.

Forslag til konklusjon:

Styringsgruppa tek saka til orientering.